

# Kystlynghei

Kystlynghei er menneskeskapt beitemark, dominert av røsslyng (*Calluna vulgaris*), ein næringsrik og vintergrøn dvergbusk som blomstrar i purpurraude fargar på seinsommaren. Kulturlandskapet er avgrensa til havnære område med milde vintrar som gjer gode forhold for vinterbeiting. Kystlynghei er ope og trelaust med innslag av grashei, myr og ope berg og må skjottast med beiting og sviing. Dette er den eldste kulturlandskapstypen i Europa og strekkjer seg frå Portugal i sør til polarsirkelen i nord. Kystlynghei reknast i dag som ein utrydningstrua kulturlandskapstype. Noreg har med sin lange kyst dei største førekomstane med kystlynghei i Europa og har difor eit spesielt ansvar for denne kulturlandskapstypen.


”kystgarden og kystlynghei høyrer saman”

## Historie

Fangstfolk følgde isen etterkvart som den trakk seg tilbake og dei fyrste spora etter menneske i Fitjarøyane er ca 10 000 år gamle. Kystlyngheiane vart skapt for omlag 4000-5000 år sidan. Menneska hogde skogen og svei landskapet for å auke beite-ressursane etterkvart som dei fekk husdyr og vart bufaste bønder. Framleis kan me finne eikestammer etter avskoginga i myrar. I Fitjar hadde kystlynghei størst utbreiing kring 1850. Då hadde busettinga i Fitjarøyane nådd ein topp og utnyttinga av naturressursane like eins. Industrialiseringa førte til at mange flytte frå kystgardane på 1900 talet og difor vart mykje kystlynghei liggande utan skjøtsel. Av dei 40 øyane som hadde fast busetting er det i dag 4 øyar med fastbuande. Dei seinare år har det igjen auka på med

”kystlyngheiane vart skapt for om lag 4-5000 år sidan”

”Noreg har med sin lange kyst dei største førekomstane med kystlynghei i Europa og har difor eit spesielt ansvar for denne kulturlandskapstypen”



Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor  
Meir info

[www.stord.kommune.no/SFLMK](http://www.stord.kommune.no/SFLMK)



# KYSTLYNGHEI

I  
FITJARØYANE

## Fitjarøyane

Fitjarøyane er eit mangfald av øyar og holmar, vest for Stordøya, mellom Fitjar og Bømlo. Dei mange kystgardane, skulane og handelsstadane fortel at her har vore stor aktivitet. Norvegen, skipsleia frå sør til nord, gjekk gjennom Fitjarøyane. Her var mange små øyar kor husmannen og kystbonden rydda og dyrka alt dyrkbart og kor lyngbeitene var ein livsviktig beiteressurs. Dette viser att i eit kulturlandskap kor kystgarden og kystlynghei høyrer saman. Om sumaren er det mykje trafikk av fritidsbåtar som nyttar tilrettelagte område for friluftsliv, men og holmar og viker i kystlyngområda. Kajakkpadlarane har oppdaga dette spennande kulturlandskapet med kort veg mellom øyane. Frå seinsommaren lyser dei lilla fargane frå lyngblomen mot oss saman med tilhøyrande eim av honning.

## Kommunal forvaltning

Fitjarøyane vart tek einn i Nasjonalparkplanen (NOU 1986:13) grunna dei store inngrepsfrie øyområda med kystlynghei. Lokal motstand gjorde at området vart tatt ut av nasjonalparkplanen. Istanden tok Fitjar kommune på seg eit særskilt ansvar for forvaltning av verneverdiane i Fitjarøyane, saman med grunneigarar og andre forvaltningsorgan.

## Utvald område

Fitjarøyane vart i 2013 valgt ut som eit av 23 referanseområder på kystlynghei i Norge. (M23-2013) Fitjarøyane vert i rapporten vurdert som eit av få område kor det er mogeleg å oppretthalde eit større skjærgardsområde med kystlynghei.

## Utfordringar

Fråvær av beitedyr og skjøtsel vil føre til at dei opne kystlyngbeita gror att og områda vert skogkledd. Lauvtre spreier seg og etablerer seg i grov og gamal lynghei. Sitkagran, er eit framand treslag som og vart planta Fitjarøyane frå –50 talet. Grana vekst godt i kyst-Noreg og spreier seg ukontrollert i lyngheia. Der det er lågt eller ingen beitepress vert det snart gran-skog. Konklusjonen er difor at sitkagran ikkje er for-einleg med kystlynghei.



## Skjøtsel

Dei viktigaste tiltaka for å ta vare på kystlyngheiane er beiting og lyngsviing. Næringsgrunnlaget varierer mykje mellom øyane etter kor mykje berg og myr det er i lyngbeite. Ein vinterbeitande sau treng mellom 10-30 daa lyngbeite. I Fitjarøyane (Fitjar) er det beiting på 17 av 32 øyar. På 12 av desse har det vore svidd lyngbeite i seinare tid. Nokre øyar har utegangardrift med gamal norsk villsau og andre har vinterfora sau med spel- eller pelssau.

## Sviing

Sviing er ein tradisjonell driftsform som er naudsynt for å fornye og halde oppe kvaliteten på lyngbeite. For å få erfaring og kunnskap om denne driftsforma vert det arrangert jamlege sviingskurs.



## Skjøtsel- og forvaltningsplan

Prosjekt Fjerning av sitkagran, vart starta i 2010 som eit samarbeid mellom grunneigarar og kommune. Målet er at flest mogeleg av Fitjarøyane skal være utan gran i framtida for å ta vare på det tradisjonelle opne kystlandskapet med bl.a lyngbeite. Det er i gang tiltak med rydding, hogst og uttak av tømmer. Prosjektet vert støtta av Miljødirektoratet.